




# Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

## Innhold:

|                       |            |
|-----------------------|------------|
| Andakt                | Side 5     |
| Julemesser            | Side 6-7   |
| Min song              | Side 9     |
| Den første misjonæren | Side 10-11 |

|                     |            |
|---------------------|------------|
| Vekkelsen 1957/58   | Side 12-13 |
| Vart ein krisen     | Side 14-16 |
| Mi bok              | Side 27    |
| Der mesteren vandra | Side 30-32 |



Alt i oppmerking av  
parkeringsplasser


Toppaveien 7  
4360 Varhaug  
Telefon: 51430937  
Fax: 51433364  
Mobil: 90889556



**Biloppugging og stort delelager.**

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND  
TLF: 51 49 49 50  
FAKS: 51 49 49 60  
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



# SI.BYGG

[www.sibbygg.no](http://www.sibbygg.no)

**MESTERHUS**

*– det blir som avtalt*



## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

### Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2- 2022

34. ÅRGANG

#### Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

#### Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Tormod Nord-Varhaug

Mob. 908 67 879

#### Det Norske Misjonsselskap

Leiar:

Sigrun Bakke

Mob: 957 04 371

#### Normisjon

Leiar:

Øystein Varhaug

Mob: 970 90 811

#### Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Mob: 476 01 167

E-mail adresse:

[post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no)

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

[redaksjonen@varhaug-misjonshus.no](mailto:redaksjonen@varhaug-misjonshus.no)

Tlf. 900 58 503

I redaksjonen: Karin Lerbrekk, Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Njål Omland og Per Åge Skretting



## Frå redaksjonen

**Søndag 10. oktober Sommaren er over** og eit nytt semester er i full gang på Misjonshuset. Nå skjer det noko omtrent kvar dag og ikkje sjeldan er det fleire arrangement same dag. Minikoret og yngreskoret har starta opp, og ungdomslaget har fått nytt styre, bilete av ungdomslagstyret på s. 25.

**På dei faste innslaga** har vi denne gongen Andakten skriven av Eirik J. Varhaug, Min Song er levert av Sigrid Skretting og Mi Bok har Solfrid Harbo ansvar for.

**Julemessene** står for tur nå, oversikt på s. 6-7.

**At det har** vore og er misjonærar frå Varhaug er det mange som veit om. Men det er vel ikkje så mange som kjenner til den første misjonæren frå Varhaug, Anna Haaland, gift Sama. Ho kom frå Vadlastødl mellom Vandavatn og Røyrmyna. Sonen hennar Arne Sama var lektor på Bryne realskule og gymnas. Underteikna var sjølv elev og lærte tysk under hans kateter på realskulen i tida 1965-1966. Son hans igjen, Odd Sama, bur idag på Brusand og mange kjenner nok til kunsten hans og har nok vore innom kunstgalleriet hans på Kvalbein.

**I vårbladet** hadde me første del om «Vekkelsen i 1957-1958». Andre del kjem nå på s.12 og utover. Me avsluttar dette med at Sjur Håland har intervjuet Erik T Skretting.

**S. 22-23 fortel** at planane med påbygg på Misjonshuset går framover. I sommar vart eit hus like ved Fjordkjøkken rive. Då var det nokre unge menn som var på pletten og tok ned takpannene før huset vart jamne med jorda. Desse pannene er av same sort som er på taket over ungdomssalen og skal nyttast på det planlagte tilbygget.

**Framsidediletet** på dette bladet er frå boka til Arne Lie. Ein kort omtale av boka står på s. 29. «Der mesteren vandra» handlar denne gongen om Besteasdammen i Jerusalem.

Per Åge Skretting  
redaktør



# FARGERIKE



## FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



## Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget) Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



**www.jarok.no**

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66




# KAY'S

## BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



## Leverandør av trelast og bygningsartikler




TRELAST OG BYGGEVARER  
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø  
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

## R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT  
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



# Vår Far i Himmelen



Eirik J. Varhaug

I dåpen vart våre barnekår stadfesta. Velsigning frå Vår treeinige Gud fekk me i medgift.

Men av og til kan livet vera vanskeleg for dei fleste av oss. Oppfordringa til oss alle er då å gå til Vår Far i Himmelen med problema våre.

Fleire bibelord syner lovnader knytta til bøn. **Jesus seier: Be, så skal de få, leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk**, Luk. 11.9 og Matt. 7.7.

Trygve Bjerkreim har i ord og med tonar av Øyvind Tønnesen fått understreka bøna si kraft som ein del av vårt barnekår i salma «Det er makt i de foldede hender».

Men Vår Far i Himmelen finn ofte ei betre løysing på problema våre enn det me menneske har forstand nok til å be om. Først i ettertid forstår me det. -

**Eit varmt og triveleg samfunn er og knytta til slike haldningar som me finn i Luk.6.31 der Jesus seier: «Som de vil andre skal gjera mot dykk, så skal de gjera mot dei.»** Me må heller ikkje gløyma djupden i rimet «Den største gleda ein kan ha, det er å gjera andre glad.»

Andakten eg her skriv, er prega av tragedien familien vår opplevde i sommar då den nest eldste sonen vår avslutta livet sitt. Som far spør eg meg kva eg burde gjort annleis. - Rett nok er det nærare 40 år sidan han flytta frå heimen vår, så kanskje det som skjedde hadde skjedd uansett? - I ettertid er eg informert om at misbruk av alkohol var ein viktig del av problemkomplekset.

På internett ser eg at i overkant av 600 personar i Norge vert ramma av sjølv-mord kvart år, 2/3 menn. Eg les at «sjølv-mord er knytta til desse tri faktorane; Rusmisbruk, livskriser og psykisk sjukdom. Bruk av rusmiddel, spesielt bruk av alkohol, utgjer eit betydeleg folkehelseproblem».

Eg nyttar høvet til å takka for støtte og medkjensle familien vår har fått frå heile bygda og frå vennar frå andre bygder. - Ein særleg takk for forbøn.

For oss alle vil eg understreka: **«Kvar dag er ein sjelden gave!»**



**VoldenTollefsen AS**

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / [www.voldentollefsen.no](http://www.voldentollefsen.no)



# Julemesse Normisjon

Vigrestad Misjonshus 11. og 12. november.

**Kveldsmøte fredag 11. nov. kl 19**  
**Andakt av gen.sekr.i Normisjon Kjetil Vestel Haga**  
**Sang av Line Marie m/ team**  
**Varesalg. Kafe' med gryterett, pølser, kaffi og kaker. Åretrekning.**

**Lørdag 12. nov kl 11: Føremiddagsmøte,**  
**Andakt av Kjetil Vestel Haga.**  
**Kafè med graut, smørbrød, kaker og kaffi. Varesalg og åretrekning.**  
**Klokka 13.30: Basar**  
**Andakt av Kjetil Vestel Haga. Sang av Vigrestad barnekor.**  
**Åretrekning og hovedtrekning.**  
**Alle velkomne!**

Arrangør: Normisjon Vigrestad, Varhaug og Nærbø

# Julemesse

på Varhaug misjonshus

## Fredag 25. november

18.00 **Kveldsmat.** Gryterett, kaffe og kaker.

19.00 **Møte.** Misjonskorpset fra Egersund.  
Kafé og varesalg etter møtet.  
Åretrekning ca. kl. 20.30.



## Lørdag 26. november

11.00 **Møte.** Andakt av Lena Eltervåg, NMS, og sangopplegg.  
Kafé og varesalg etter møtet.  
Åretrekning ca. kl. 13.

13.30 **Familiemøte** med Lena Eltervåg og Minikoret.  
Barnelodd- og hovedtrekning.



# JULEMESSE

Varhaug misjonshus, 18. og 19. november 2022

### Fredag

17.30: Matsalget startar. Sal av gryterett, dessert, kaker og kaffi.

19.00: Songmøte med Kristine Stokka. Vitnesbyrd.

Etter møtet vert det varesal og kafeteria. Åretrekning.

### Laurdag

11.00: Møte med Toril Espegren. Song av Helga Bøe Reilstad.

Etter møtet vert det varesal og kafeteria med sal av kjøtkaker frå

R. Skretting, graut, dessert, kaker og kaffi. Åretrekning.

14.00: Familiemøte med Inger Johanne Klausen. Song av Yngreskoret. Hovedtrekning og barneutlodning.



VELKOMMEN!



Misjonssambandet

# Helsing frå misjonshus-styret september 2022

Torbjørn Honnemyr

Arbeidet på misjonshuset har nå kome godt i gang igjen etter sommarens pause. Det er gildt å se at både store og små finn vegen til huset.

Arbeidet på misjonshuset er basert på dugnad av mange slag. Det er ikkje få timar med dugnad som blir lagt ned i løpet av eit år. Dette er me svært takksame for. Ja, arbeidet avheng av dette. Denne gongen vil eg gjerne lyfte fram dei som jamnleg gjer reint på huset. Dei er ikkje så synlege, men om reinhaldet ikkje vert utført, så blir det synleg. Utan å nemne namn: Tusen takk til alle. Gje dei gjerne ei takk når de ser dei.

Byggeprosjektet er framleis i planleggingsfasen. Byggekomiteen har nå sendt ut anbudsapir til noen byggefirma for at dei kan kome med pristilbod. Om prisen blir grei er håpet å starte opp arbeidet rundt nyttår.

Ein innsamlingskomite er også etablert med ein frå kvar eigarorganisasjon på huset. Komiteen vil nok etterkvart kome med spørsmål om å støtte prosjektet. Allereie nå er ein oversikt over innsamla midler å finne på husets heimeside. Innsamla sum er framleis kr 0, men den ventast å stige framover når dette kjem i gang. Me håpar på velvilje.

Den nye heisen er nå i bruk. Den har nå fått inngang frå vestibylen. Etterkvart vil det og verte mogleg å gå ut av heisen og rett inn i kontorfløyen, så då sleipp ein å gå først opp og så litt ned igjen for å kome til kontor og bønerom.

Betongblokkane på parkeringsplassen har fått meir refleks. Dette håper me kan hindre bilskadar.

Det har vore eindel rakettskyting og råkjøyring i området rundt misjonshuset i seinare tid. Både er det farleg og det er uroande for naboar. I den grad dette skjer på misjonshusets område er me svært lei oss for dette. Og me henstiller til unge og andre om å vise omsyn og respektere lovar og reglar.

Ein komite er i gang med å planlegge ny miksepult og plassering i møtesalen. Her er både lydtekniske, estetiske og praktiske omsyn viktige, og det er truleg ulike meiningar om dette. Eit forslag vil om ei stund kome på heimesida, og det vil då vere råd for alle å kome med innspel til komiteen.



**Husstyret:** Per Arvid Jakobsen, Glenn Skretting, Loyd Aanestad, Andreas Rasmussen, Terje Skretting Torbjørn Honnemyr, Tarald Ånestad og Georg Høyen.

Husets kontortid er framleis måndag og torsdag kl 20-21, og telefonnummeret er framleis 51430808. Det går og an å maile til [post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no).

## Takk!

Me har fått støtte til ny heis og miksepult frå gode støttespelarar på Jæren:

- frå **Sparebankstiftelses SR-Bank:** kr 70 000 til ny miksepult, under deres formål «For alle!»
- frå **Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå:** kr 100 000 til ny heis, under deres formål «God helse og livskvalitet»
- frå **Sparebanken Sør:** kr 30 000 til ny heis, under deres formål «Lokalsamfunn»

**Me seier tusen takk for gåvene!**





# Min song

Å velgja **EIN** sang er ikkje så lett, men eg har valgt sangen på nr 514 i Sangboka. Det er Sigvard Engeset som har skrive den. Han vart fødd på Ørsta i 1885 og dødde i Oslo i 1974. Han var forkynnar, pastor og salmediktar.



Sigrid Skretting

*Ikke alle dager er like,  
alle ei på glede er rike.  
Ikke hver en dag nyter sjelen samme ro,  
men hver en dag jeg kan på Jesus tro.*

*:/: Halleluja, halleluja, at hver en dag jeg kan på Jesus tro! :/:*

*Ikke alle dager er lette,  
noen vil på prøve meg sette.  
Ikke hver en dag er mitt hjerte fylt av fred,  
men hver en dag Guds nåde varer ved.*

*:/: Halleluja, halleluja, at hver en dag Guds nåde varer ved! :/:*

*Ikke alle dager er klare,  
stundom jeg i skodde må fare.  
Ikke hver en dag kan jeg Herrens vei forstå,  
men hver en dag jeg kan til Jesus gå.*

*:/: Halleluja, halleluja, at hver en dag jeg kan til Jesus gå! :/:*

*Ingen dag jeg nåden er verdig,  
hver en dag jeg dog er rettferdig.  
Skulle så en dag synes særlig tung og slem,  
den føre meg dog nærmere mitt hjem.*

*:/: Halleluja, halleluja, den føre meg dog nærmere mitt hjem! :/:*

*Denne sangen oppsummerer livet slik det på mange måter er. Dagane er ikkje like,  
nokre kan virke lette medan andre er som ein tung motbakke.  
Men alle og allslags dagar kan me leggja i Jesus sine hender.*

*Anna Sama f. Haaland.  
Faksimile frå Jærbladet  
27. desember 2000.*



# Den første Varhaug-misjonæren

**I 1893 førte misjonsskallet 25-åringen Anna frå den fattige, steinrike husmannsplassen Vadlastødl på Håland til folkerike Kina.**

Sjur Håland

---

Det er historisk sus over livet til Anna Sama f. Haaland. Ho var den første misjonæren frå Varhaug, og ho var blant dei første seks pionerane som vart innvigde og sendt til Kina for organisasjonen som i dag heiter Norsk Luthersk Misjonssamband.

## Vadlastødl

Historia om Kina-Anna og den uendeleg lange reisa til det enorme landet i Aust-Asia, startar på husmannsplassen Vadlastødl på Hålandsbakken søraust av Hålandsgardane. Om du ser føre deg ein rett strek på kartet mellom garden Røyrmyrå og Vandavatnet, ligg Vadlastødl grovt rekna midt i mellom. Her, i det me må rekna med var temmeleg fattige kår, kom Anna, eller Ane Berte Haaland, til verda ein mørk laurdag sist i november i 1868.

Foreldra var Sivert Ivarson Ueland (1832-1897) og Berte Malena Larsdotter f. Herigstad (1839- ?). Korleis dei hadde det på den vêrharde, steinrike og aude plassen 200 meter over ville Jærhavet, kan me knapt førestilla oss. Eit par kyr pluss nokre høner og fire, fem sauer, var truleg det dei hadde å brødfø seg med. Utanom graset som vart tørka til høy, dyrka dei litt korn og poteter på jorda. Det er kanskje ikkje så rart at fleire av dei ni borna til Sivert og Berte Malena etter kvart reiste til Amerika og søkte lukke og velstand der.

## Barnetrua

Anna si reise vart av eit anna kaliber og hadde eit anna mål. Foreldra hennar var truande folk. Når Anna seinare i livet såg tilbake på barneåra, skreiv ho at dei «svant hen under mine kjære foreldres pleie og omsorg». Barnetrua vart stundom utfordra. Det kunne kosta å trekkja seg tilbake frå leiken med andre born, når Anna kjende at grensene for

kva som sømde seg, vart passerte. Lars Gaute Jøssang spekulerer, utan å konkludera, på om Anna sine foreldre var prega av den tunge og gjerne dystre garborgske kristendommen som var vanleg på Jæren på denne tida. Han fortel vidare at Lars Oftedal kom til Jæren då Anna var barn, og at Anna, søskena og foreldra kanskje reiste til Bryne for å høyra han. Oftedal representerte noko nytt og slo på det Jøssang kallar «meir evangeliske og lysare strenger».

Kristentrua gleid gradvis vekk frå ungjenta Anna frå Håland. Men barnelærdommen sat likevel godt i. Frøa som vart sådde i barnesinnet spirde.

### Løyst

Då Anna var femten år, i 1883, vart ho svært oppskaka av eit brått dødsfall. Då kom Fader Vår og kveldsbønene ho hadde lært av mor si godt med, fortel ho. Etter å ha strevd ei tid med kristentrua, vart ho «løyst», for å bruka den evangeliske terminologien. «Jeg vovede at tro Syndernes Forladelse for Kristi Skyld», skreiv ho seinare.

Etter konfirmasjonen var Anna i teneste i tre år i Time. Deretter var ho hushjelp i Stavanger. Det var her i hermetikkbyen ho opplevde misjonskallet og reiste til Larvik på eit bibelkurs. Seinare gjekk ho eit lærarkurs i Stavanger.

### Til Minneapolis

Kristentrua ville Anna gjerne dele med andre, men ho trudde ikkje det var mogleg for ho, som var kvinne, å reisa ut som misjonær. Nokre år seinare, sist på 1880-talet, kom ho tilfeldigvis over eit tidsskrift som omtalte misjonsarbeidet på Madagaskar. Kallet til teneste for dei unåde vart tent på nytt. På denne tida vart det danna Kina-misjonsforeiningar i Stavanger. Anna kom i kontakt med «de ledende Mænd der». Desse lova å støtte henne slik at ho kunne reisa til Kina. Anna må ha vore ei uredde og frimodig ung kvinne. I 1891 gjekk ferda på skipskjøl til Amerika, nærare bestemt Minneapolis, kor ho lærde engelsk og fekk litt utdanning elles. Her trefte ho ein mann som heitte Lars Swenson. Han støtta henne med reisepengar og årlege bidrag slik at ho kunne starta tenesta i Kina.

### Opp- og nedturar

Året for den store utreise var 1893. I eit brev heim ber ho om forbøn og om «at jeg maa være en Velsignelse for Kina og en Glæde for eder der har sendt mig». I byen Laohekou arbeidde ho med skule- og kvinnearbeid. I tillegg var ho ute på evangeliseringsreiser. Ho møtte både motgang og

medgang, noko ho ikkje la skjul på i breva heim. Her er ho ærleg om både oppturar og nedturar på misjonsmarka.

Jøssang konkluderer med at sjølv om Anna kom frå fattige kår, var ho sterk og evnerik, noko som også breva etter henne avslørar. Reisa hennar til ein annan kultur tusenvis av mil unna – utan ein ektefelle å stø seg til, gjer ikkje kven som helst etter, skriv han.

### Møtte kjærleiken

Men mannen dukka etter kvart opp. I 1906 vart ho gift med kinamisjonær Ole Mikkelsen Sama frå Harstad. Han hadde mista kona si, Caroline, i Kina året før. Sama, som var leiar for misjonærteamet i Kina, kunne, i følgje Jøssang vera noko oppfarande av seg. Då hjalp det å ha ein stø og klok partnar som Anna frå Vadlastødl.

Fare på ferde var det nok av gjennom åra i Kina. Eitt stikkord kan vera det dramatiske boksaropprøret i 1900. Då måtte ho heim til Norge, men reiste tilbake til Kina då stoda roa seg etter eit års tid.

Dei to misjonærane var heime på ferie i to år i 1909. I 1924 kom dei heim for godt og busette seg i Oslo.

### Gløymde aldri Varhaug

Ole Mikkelsen Sama døydd alt i 1928, 64 år gammal. Anna levde like fram til 1960. Ho vart 91 år gammal og er gravlagd på Vestre gravlund. I følgje K. Sandve, som i eit lesarbrev skriv om Anna i Stavanger Aftenblad i november 1955, fekk misjonærparet fire born. To av dei døydd tidleg. Eine sonen, Ole Sama, vart buande i Oslo, medan den andre sonen, Arne Sama, var lektor på Bryne offentlege landsgymnas.

Det blir fortalt at Anna gjennom alle åra heldt god kontakt med Kina-misjonsforeininga her på Varhaug. Ho gløymde aldri kor ho kom frå.

I dødsannonsen i Stavanger Aftenblad står følgjande beskjed frå dei to sønene og svigerdøtrene: «Mor ønsket ikke blomster. Gi pengene til misjonen.»

### Kjelder:

Artikkel av Lars Gaute Jøssang, på trykk i Jærbladet 27. desember 2000, supplert med opplysningar frå Harald Skretting, også dette via Jærbladet, i 2002. I tillegg har eg hatt hjelp av Nasjonalbiblioteket, Stavanger Aftenblad, Wikipedia og Gards- og ættesoga til Torgeir Edland.

# Vekkelsen i Varhaug kyrkje vinteren 1957-58

Gaute Øgreid Rasmussen  
(tilrettelagt for bladet av redaksjonen)

Det ble ikke ført noen oversikt over hvem eller hvor mange som «kom med» under vekkelsen, men etter vel 2 mnd. den 8. jan 1959 har Lars Lie notert i sine dagboknotater: «Møte i kyrkja. Deltok med sjelesorg. Dette var siste møtet med Larssen. Han kunne melda at 133 hadde søkt hjelp på desse møta». Andre nedtegnelser tyder på at det var over 200 som «kom med» i løpet av de 4 måneder som møteaksjonen pågikk. Ein fortel, sitat frå 2004: «Det var fleire som tvila på at dette nya kristelege livet mitt ville vare ved særleg lenge. Men det har det gjort! I 45 år!! Og eg er så takknemleg at eg kom til liv i Gud under den vekkinga.»

Det er tydelig at det i Varhaug-bygda på den tid var nærmest to kulturer, to vidt forskjellige miljø: De som gikk på bedehuset og de som vanket på idrettshuset. Det var et enten eller. Og de unge som omvende seg i vekkinga og som var aktive i idrettsmiljøet, måtte bryte med sitt gamle miljø. Det var ikke akseptert at en var med både i idrettsmiljøet og i bedehusmiljøet.

Forts frå vårbladet 2022:

## Lars Eritsland

Like opp under jul kom John Olav Larssen opp i en klemme. Han hadde fått en invitasjon til å komme til Amerika over nyttår og forkynne for norskamerikanere der. Han hadde sagt ja til invitasjonen, for lite visste han da at møtene i Varhaug kyrkje skulle vare lenger enn til jul. Hva skulle han nå gjøre? Avlyse Amerika-turen eller avslutte møtekampanjen?

Løsningen ble at bibelskolelærer Lars Eritsland ble spurt og svarte ja til å overta som forkynner på vekkelsens, - så kunne John Olav Larssen reise til Amerika.

John Olav Larssen skriver selv i boken: «Det glade fastland - Minner fra Jæren til Justøy»

(s.48): «Heldigvis sa Lars Eritsland seg villig, og ble der langt utover våren. Mange på Varhaug og Vigrestad kom til troen under denne vekkelsen. Selv var jeg med i møter der like inn under jul og mellom jul og nyttår, og hele tiden var kirken fylt til trengsel. I hvert møte var det noen som søkte Gud.»

8. januar 1958 var siste møte John Olav Larsen var med på under denne kampanjen ifølge det pastor Lie skriver i dagsregisteret for Varhaug sokn

8.januar-58:

**«Møte i kyrkja. Deltok med sjelesorg. Dette var siste møtet med Larssen. Han kunne melda at 133 hadde søkt hjelp på desse møta»**

Nøyaktig tidspunkt for når Lars Eritsland kom og overtok og ledet vekkelsen videre, vet vi ikke helt sikkert. Det ser ut som om det var en kort periode fra John Olav Larssen tok farvel og til Lars Eritsland var på plass i Varhaug kirke. For Pastor Lie skriver i sitt dagsregister:

«Søndag 12. januar kl. 19,30: Møte i kyrkja v/ begge prestane. Møte var eit framhald av John O. Larssen sine møte og kyrkja var mest fullsatt»

Videre skriver han i dagsregisteret for 15.januar:

«Var på møte i kyrkja. Bibelskulelærer Lars Eritsland har overteke møta etter John O.Larsen. Ein gut søkte hjelp. Deltok med sjelesorg.»

Ut fra disse notatene til pastor Lie, kan det se ut som prestene Lie og Fidjestøl fylte hullet på maksimum en uke fra Larssen reiste til Eritsland var på plass i Varhaug kyrkje

Lars Eritsland hadde en helt annen personlighet enn John Olav Larssen.

Mens Larssen var evangelisten som sprudlet, smilte og var følelsesmessig engasjert, var Eritsland en rolig, sindig og grundig bibelærer og bibelutlegger.

Mens folk ble revet med av Larssens glade og engasjerende tale- og væremåte, var Eritsland

en rolig, avbalansert mennesketype. Han var grundig i sin forkynnelse og talene hans fikk nærmest bibeltidspreg.

Lars Eritsland var bibelskolelærer i Staffeldsgate (Indremisjonsselskapet). Han var ikke teolog-utdannet, men en belest og dyktig bibellærer som elevene satte stor pris på. Han har også gitt ut flere oppbyggelses-bøker. Selv om Lars Eritslands personlighet var rolig og avbalansert, fortsatte vekkelser på ettermiddagen.

Møteopplegget var omtrent identisk med slik det var når John Olav Larssen sto i spissen, med at folket ble satt på valg og de ble invitert frem til alterringen mens alt folket sto og sang «Kom som du er til din Frelser...» Kirka var fullsatt kveld etter kveld utover vinterkveldene og mange «ga seg over». Jevnfør presten Lies notat i dagsregisteret 12.januar. « - og kyrkja var mest fullsatt»

### **Ulike syn på og opplevelser av vekkelser:**

At vekkelser favnet vidt og fikk stor betydning for bygdene, får Tor Obrestad fram i en avisartikkel i Stavanger Aftenblad i år 2000, hvor han har intervjuet John Olav Larssen og 12 Varhaug-personer med kjennskap til vekkelser.

Artikkelens overskrift var «Omvendte halve fotball-laget» Helt bokstaveleg må dette ikke tas, men flere av de unge lovende fotballspillerne på Varhaug Idrettslag sitt A-lag ble omvendt under denne vekkelser, og de sluttet dermed i Idrettslaget og med fotballspilling.

Det var på den tid høyst uvanlig (upassende) å være en bekjennende kristen og samtidig å være med i Idrettslaget. En av fotballspillerne, som kom med i vekkelser, sier selv, i følge avisartikkelen-, at han gikk fram til alteret og fikk hjelp til å se at Jesus døde for ham og sona hans synd. Da fikk han fred og han kjente at gleden over å være frelst kom. Samtidig ble gleden over å spille fotball borte. Og den var borte i mange, mange år.

En annen Varhaug-bu så vekkelser fra en annen synsvinkel og forteller:

*«Det var frå konfirmentar og til gamle folk som gjekk til alters. Til vanleg var kyrkja fullsett. Lauritz og hans medhjelparar gjekk opp og ned midtgangen. Såg dei at noko braut i sjela, sette dei augo i henne eller han. Det hende dei gjekk inn i benken. Om dei skulle følgja med opp ?*

*- Spel ein gong til sangen «Kom som du er til din Frelsar» -,» sa Lauritz,- og Martha) spilte.*

*«- Spel ennå ein gong, du Martha,» sa Lauritz. «Kom som du er til din frelsar» spelte Martha. - «legg deg til ro ved hans bryst» - det var som en hypnose.*

*- Ein svær branne heiv seg over ende ved altarringen og rambrølte. Andre folk grein høgt. For eit sirkus. Eg såg på noko av det som hende på grensa til galskap, - Hugs på at dei me trefte i kyrkja, betrakta me som vetuge mennske. Brått var dei omskapte.» (Avisartikkelen til Tor Obrestad.)*

Det er tydeleg at det i Varhaug-bygda var nærmest to kulturer, to vidt forskjellige miljø: De som gikk på bedehuset og de som vanket på idrettshuset. Det var et enten eller. Og de unge som omvende seg i vekkinga og som var aktive i idrettsmiljøet, måtte bryte med sitt gamle miljø. Det var ikke akseptert at en var med både i idrettsmiljøet og i bedehusmiljøet.

En annen informant, som selv ble omvendt under denne vekkelser forteller:

*«Eg hadde nok vore på fleire møter på forsamlingshuset på Vigrestad og mor, ho ba trofast for meg. Eg var vel regna som familiens sorte får. Så var det ein ettermiddag eg kom med toget frå Stavanger. Eg hadde vore på «polet» og hadde brennevinsflasker med meg, for eg skjenkte meg ein del i den tida. Så fekk eg det slik for meg at eg skulle gå av toget på Odland stoppestad ved kyrkja. Eg så gjorde. Eg gjøymde flaskene i ein steingard og gjekk opp til kyrkja. Eg hadde bestemt meg for å gå fram den kvelden. Det var fullt med folk i kyrkja.*

*Då det leid så langt ut i møtet at John Olav Larssen inviterte fram, gjekk eg ut av benke-rada og tenkte å fara på dør , - men av ein eller annan grunn, vart det til at eg snudde og gjekk fram mot alterringen likevel. Eg hugsar at då eg knelte ned kom mor og knelte ved sida mi og ein av prestane knelte på den andre sida.*

*Etter møtet ba dei for meg og eg fulgte dei andre på lastebilen heim til Vigrestad. Eg var frelst og glad. Flaskene i steingarden gjekk eg aldri for å henta og sidan har eg aldri smakt alkohol. Det har ikkje vore noko problem for meg.*

***Det var fleire som tvila på at dette nya kristelegelivet mitt ville vare ved særleg lenge. Men det har det gjort! I 45 år!! Og eg er så takknemleg at eg kom til liv i Gud under den vekkinga.»***



# Vart ein kristen under vekkinga

**Ei stemning så spesiell og ein ånds atmosfære så sterk at det er umogleg å beskriva, seier Erik T. Skretting om vekkinga i Varhaug kyrkje i 1957/58.**

Sjur Håland

---

Erik var blant dei mange som «gav seg over», vart ein kristen, under den fleire månadar lange møteaksjonen til Norges Billy Graham, John Olav Larsen, og seinare Lars Eritsland.

- Denne dagen gløymer eg ikkje. Åttande desember 1957 har blitt ein merkedag i livet mitt. Frå den dagen har eg vore ein kristen, seier Erik, 65 år seinare.

Søndag åttande desember 1957 var ein ganske alminneleg søndag på Jæren. Laurdagen hadde, i følge Stavanger Aftenblad bydd på søraustleg kuling og 6-7 varmegrader. Dagen etter var vinden over på nord, og gradestokken synte litt lågare temperatur. Om skydekket var lett, mørkna det alt tidleg på ettermiddagen. Det var adventstid. I Varhaug kyrkje var dei elektriske omnane på. Lysekrunene var tende. Temperaturen var høg på mange vis. Det dampa lett av råkalde ytterklede, kuffer, trøyer og kåper medan kveldens møteleiar steig fram i koret og ønskte velkommen.

## Stuvande fullt

Også denne kvelden var kyrkja stuvande full. Av truande og ikkje truande. Folk frå Vigrestad og Varhaug dominerte, men også folk frå andre delar av Jæren var til stades. For å høyra og sjå. For å oppleve det dei hadde høyrte om via naboar og kjende og det dei hadde lese i Aftenbladet og i Jærbladet. Det var ei alle tiders vekking over Jæren. Folk vart stilte til veggs og måtte gjera eit val for livet - og for livet etter dette livet.

Erik vart konfirmert i same kyrkja tidlegare same hausten.

- Eg var berre 14 år, og hadde naturleg nok ikkje same ballasta som dei vaksne. Men det som eg fekk ei tydeleg oppfatning av, både det eg opplevde sjølv og høyrde frå andre, var at denne vekkinga var annleis enn andre.

Erik seier at kyrkja heile tida var fylt til trengsel og at det på kvar einaste møte var folk som søkte Gud. Han og mange andre tenåringar rundt om på

gardane på Skretting og rundt i bygda elles, heiv seg på syklane og søkte kyrkja kvar einaste kveld.

- Måten møta var organisert, forkynninga og songen og musikken var annleis enn det i alle fall eg hadde opplevd før, seier han.

### **Invitert til alterringen**

Kveld etter kveld frå hausten 1957 til ut på våren året etter vart det invitert til å koma fram til alterringen for å bli bedd for. For å endra retning på livet. For å starta på nytt. For å gi opp eige strev. For å gi seg over til Gud.

- Og kvar einaste kveld mot slutten av møta reiste forsamlinga seg og song «Kom som du er til din frelser», det var ganske så sterkt, skal eg seia deg, seier Erik.

Det hendte at nokre av dei andre kristne som var med på arrangementa og som hadde vore med lenge, gjekk nedover det raude teppet på midtgangen medan siste songen vart sunge. Om dei oppdaga at det var personar i benkeradene som ikkje pleidde å gå på møta, vart dei gjerne spurt om dei ønskte å gi seg over til Gud i kveld. Nokre rista diskret på hovuda. Andre reiste seg og følgde med fram til alteret.

- Stemninga var forunderleg. Som oftast var det mange kvar kveld som gjekk fram.

### **Den nye songen**

Erik hugsar særleg ein godt vaksen mann frå Nærbø han kjente til frå før. Han hadde ein mektig songstemme.

- Fleire gonger sat eg i benken framom han og hørte han song av hjartans lyst «Kan du synge den nye sangen, synder som ferdes på sorgens jord». Songen var eit sterkt vitnesbyrd i seg sjølv. Broren hans budde på Varhaug og vart ein kristen under desse møta, fortel Erik.

Åttande desember var ein kveld i denne rekka. Møtet tok slutt. Erik seier at han, trass sin unge alder, var fullt medviten på at han ikkje var ein kristen. Han gjekk ut av kyrkja i lag med to andre gitarar. Dei vart ståande litt på utsida med hendene i lomma og sparka litt i grusen slik ungdommar gjerne gjer. Usikre. Spente. Fulle av inntrykk. Ein av dei slo frampå om at dei kanskje burde gå inn att.

- Så gjekk me til slutt inn att, og gjekk fram til alteret. Der vart det lese frå Bibelen og sagt litt til oss før me vart bedne for. Det heile var så enkelt og liketil. Etterpå var me kristne. Rett og slett. Det var ikkje vanskelegare enn det, seier Erik, og smilar.

### **Val for livet**

Han fortel at det for enkelte av dei truande kunne verka for lettvinnt å verta ein kristen på denne måten. Å «berre» koma fram til alterringen og bli bedd for.

- For meg og mange andre ungdommar var det ikkje for lettvinnt. Me gjorde val for liva våre desse kveldane.

Det var ikkje berre ungdommar som gjekk i kyrkja.

- Langt i frå. Her var det folk i alle aldrar. Folk du aldri hadde sett føre deg ville koma på møte, dukka opp. Det var sterke krefter i sving på Varhaug og Vigrestad og utover på Jæren elles.

Eirik hugsar at dei ansvarlege for møteaksjonen var sterkt opptekne av å følgja opp dei nye som «kom med», særleg dei unge.

- Me fekk beskjed om at det var svært viktig å seia i frå heime om valet me hadde teke. Eg var oppvaksen i ein kristen heim, så å koma heim til mor og far med den beskjeden var berre ei stor glede. Kanskje det kunne opplevast vanskelegare for dei som ikkje møtte like stor forståing heime.

### **Var ikkje svermeri**

Det var mykje song på møta, minnes Erik. Populære Sandefjordkvartetten var fast inventar i kyrkja, med Ivar, Alf og Arne Kristian Solbakken pluss Morgan Ringdal på piano. «Jeg vil heller ha Jesus enn perler og gull», var ein av dei stemningsskapande songane som gjekk att.

- To av brørne i Sandefjordkvartetten, Arne Kristian og Ivar, vart gifte med mor (Aslaug Skretting f. Nord-Varhaug) sine systre, Bergit og Astrid, det er jo litt spesielt oppi det heile, seier Erik.

Opplegget i kyrkja var det same kvar kveld. Etter ei avdeling med song, gjekk John Olav Larsen på talarstolen.

- Han snakka som ein foss. Bodskapen hans var på sett og vis enkel. Mange meinte nok det var for enkelt, at det var for lite syndenaud og slikt. At det heile var eit slags svermeri. Eg er ikkje samd med kritikarane.

Erik var ikkje kritisk til møta eller møteforma den gongen, og han har ikkje vore det i ettertid heller. Det var dei som meinte at folk som hadde blitt kristne under vekkinga ville gå tilbake til sitt gamle liv så snart predikantane var reiste.

- Slik vart det ikkje. Eg har aldri tenkt at dette var feil. Folk gav seg over. Frø vart sådde. Spirer grodde. Guds nåde var og er grenselaus. For meg

og mange med meg har det me fekk ta i mot under vekkinga halde fram til i dag.

### Like enkelt som før

Erik og Solfrid nyt rolege dagar i den gjestfrie heimen deira heime på garden på Skretting. Han har blitt ein godt vaksen mann, og har opplevingar, erfaringar og historier frå sterke møte med folk og lagnadar som kunne fylt fleire bøker. Han har sjølv reist som forkynnar og har opplevd å stå i vekkingar. Mesteparten av det yrkesaktive livet har han vore bonde, med ei særleg interesse for sau og gjetarhund. Seinare dreiv han i åtte år som styrar på eit hospits for bustadlause narkomane i Stavanger.

Liv, heim og yrke har vore bygd på klippegrunn. Kanskje det er difor Erik har hatt stein og meisling av stein som hobby og lidenskap.

- Saknar du ei ny vekking, liknande den som var for 65 år sidan?

- Det er ikkje sikkert me treng ha det likt som før. Det er lite som er finare enn om dei unge naturleg kan finna trua og bli kristne utan plent noko styr rundt.

- Så å bli ein kristen er like «enkelt» som før?

- Ja, det er like enkelt. Det som er skummelt er om me gjer det for komplisert. Du treng ingen alterring eller eit vekkingsmøte. Sjå på eine røvaren på korset. Det er nok det som Jesus gjorde. Det er nok å falda hendene og be ei bøn.

## KULLSYREMASKIN

FRA AGA



**899,-**  
inkl. patron



bytte av  
patron  
149,-

Finnes i sort eller hvit

## VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



**Varhaug Servicenter A/S**

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



**Vi er der når du trenger oss**

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798  
Hjemmeside: [jts.as](http://jts.as)

**ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER**

# Elektro●fag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • [post@elektrofag.no](mailto:post@elektrofag.no)

**En god kontakt på Jæren**

**EL-PROFFEN**

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagunnau@online.no](mailto:jagunnau@online.no)

**• SERVICE • DELER • REPRASJONER**

# VIGRESTAD BYGG

# Glimt frå u arrangeme



ulike  
ent



# Nådegaveseminar

Ungdomsloftet Varhaug Misjonshus

Onsdag 7. desember 2022 - kl. 19:00

Tema: Helbredelse

v/ Thomas Stornes – IMI kirken



Onsdag 18. januar 2023 - kl. 19:00

Tema: Profeti

v/ Marian Nygård – linjeleder Acta Bibelskole



Onsdag 01. februar 2023 - kl. 19:00

Tema: Sjelesorg

v/ Anne Lunde – Ansvar for bønn, veiledning IMI kirken



«Alt som lever, vokser. Du behøver ikke å få det til å vokse. Det er naturlig for levende organismer hvis de er friske.» Rick Warren

## Nådegavekartlegging Sentrum Menighet

Arbeidsgruppe: Birte Varhaug, Terje Bøe, Else Iren Skretting og Tom Magne Ueland  
Velleder: Torgeir Lauvås

Onsdag 30. november kl. 19:30 - Evaluering – hva nå samling

Ungdomsloftet Varhaug Misjonshus

Inngang av resultater – gruppesamtale  
de som har tatt nådegavetesten -



# Sentrum Menighet



I Sentrum Menighet har vi fått en god start på semesteret med Gudstjenester og Awana annenhver søndag kl. 11:00 og «Sundag» den andre søndagen kl. 19:30. Det er jillt å kunne samles fritt igjen.

I tillegg er det bønn hver tirsdag kl. 20:30, Ung Voksen-Sentrum har samling en gang i måneden, det er Fres annenhver fredag og Humlebølet på tirsdag formiddag. Fres har nå blitt en del av Sentrum Menighet. Det er et flott arrangement annenhver fredag for 5-7 klassinger.



Et fokusområde vi har i år er nådegaver. Vi inviterer de som vil til å ta en nådegavetest og det er planlagt seminar relatert til dette temaet 7. desember, 18. Januar, og 1. Februar.

Epost for nådegavetesten er [admin@sentrum-menighet.no](mailto:admin@sentrum-menighet.no)

*Tjen hverandre, hver og en med den nådegave han har fått, som gode forvaltere av Guds mangfoldige nåde. 1. Pet 4.10*

## Nådegavekartlegging Sentrum Menighet

Oppdag og utvikle dine nådegaver

Hvor skal du bruke dine krefter for at tjenesten skal gi mest frukt

Ta ansvar overfor fellesskapet, tjene Gud i menigheten


«Alt som lever, vokser. Du behøver ikke å få det til å vokse. Det er naturlig for levende organismer hvis de er friske.» Rick Warren


***Vi håper å se deg, du er hjertelig velkommen!***



*Innsamling og bilete av dugnadsgjengen som tek ned panner.*

*F.v.: Børge Skretting, Rasmus Rasmussen, Andreas Rasmussen, Jarand Scheie og Christian Grove.*





## Varhaug misjonshus – innsamling til nytt byggeprosjekt



Vi er svært glade for at vi nå nærmer oss oppstart av byggeprosjektet på misjonshuset der vi får et flott mingleområde i første etasje, mer lagerplass og flere møterom/kontor i andre og tredje etasje.

Byggeprosjektet er nå ut på anbud så vi vet ikke eksakt kostnad ennå, men foreløpig kostnadsoverslag tilsier at vi må samle inn ca. 3,5MNOK for å dekke kostnadene. Dette håper vi mange blir med på så blir det ikke så mye på hver.


Det kommer mulighet for å kunne gi både av enkeltbeløp og fast giverordning til prosjektet med skattefradrag. Dette regner vi med kommer på plass en mot slutten av året.

For mer informasjon:

<https://varhaug-misjonshus.no>

- Om Misjonshuset
  - o Bygge-planer for misjonshuset 2022
  - o Innsamlingsaksjon nybygg 2022-2023

Vennlig Hilsen Innsamlingskomiteen



1. etasje med minglerom og lager



# FAKKELTOG 2022



## «PÅ FLUKT FOR SIN TRO»

**1. desember**  
**Nærbø**



Fri til å tenke, mene og tro – uten å bli straffet!

### PROGRAM

Kl.19.00 Oppmøte- Torget på Nærbø  
Kl.19.15: Toget går frå torget og endar på Tryggheim.  
Kl.20.00: Møte på Tryggheim

**[www.fakkeltog.no](http://www.fakkeltog.no)**



**Åpne Dører**



### Fakkeltog for forfulgte kristne

Kvar 7. kristen vert forfulgt for si tru i 2022. 1. desember vil me gå i fakkeltog for å visa vår støtte og sympati for alle desse. Dette er ein marsj som vert arrangert for alle bygdene i Hå kommune. Det hadde vore fantastisk dersom me hadde vorte eit tog som viste igjen langs vegen frå torget på Nærbø og opp til Tryggheim.

**Håpar du set av kvelden og kjem!!**



***Nytt styre i ungdomslaget:***

*Framme fv : Marita Ånestad, Christina Skrettingland, Beate Grødem, Janne Aanestad, Maren Aanestad.*

*Bak fv: Erik Vagle, Ola Askeland Ueland, Sigve Kydland, Ådne Skretting og Asle Kydland.*



Varhaug • Tlf. 488 48 700



***JÆREN AUTO AS***

**BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG -  
OLJESERVICE**

**TLF.: 917 00 827 - VARHAUG**



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllev. 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

## BYGGMESTER Oddmund VAGLE



Tlf 47 63 62 02  
Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

## BØEN STORKIOSK

GATEKJØKKEN

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10<sup>00</sup> - 22<sup>00</sup> Fredag: 10<sup>00</sup> - 23<sup>00</sup>

Lørdag: 09<sup>00</sup> - 23<sup>00</sup> Søndag: 10<sup>00</sup> - 22<sup>00</sup>



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveibling av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 [www.Toppaland.no](http://www.Toppaland.no) [toppaland@gmail.com](mailto:toppaland@gmail.com)



Mobil 970 55 500

## SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING

AUESTAD

MASKINENTREPENØR  
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



## *Mi bok*

# «Det er min skyld» Av Patricia M. St. John

Eg les ikkje veldig mykje bøker, men i sommarferien likar eg godt å lesa kristne romanar. Då eg vart utfordra til å skriva her, var det ei bok som kom i tankane mine. Det er ei bok som eg fekk ein gong i barndommen og som eg har lese fleire gonger. Nå måtte eg lesa den igjen, og den er like fengjane kvar gong. Forfattaren er Patricia M. St. John, og boka har tittelen «Det er min skyld». Boka kom først ut i England i 1950 og er oversatt til mange språk. 1. opplag i Norge kom i 1962. Patricia er oppvaksen i Sveits, og fortellingen foregår i ein landsby der.

Det står «for jenter og gutter i alderen 8 - 14 år», kanskje var eg i den alderen då eg fekk den. For meg er den like god i dag. Boka ber tydeleg preg av tida den er skriva i, me tenkjer og handlar annleis i dag bla. med tanke på ansvar som vert lagt på barn. Likevel er budskapet like relevant nå som då.

Det handlar om livet til to nabofamiliar der begge har mista ein av foreldrene. Om det å vera verdsatt som den du er, og det å ikkje vera det. Om å møte støtte og oppmuntring for den eine, og nederlag og mangel på forståelse for den andre. Om misunnelse og hat, og om tilgjeving og kjærleik. Ei spennande bok som har eit tydeleg kristent preg. Lucien på ca 12 år opplever at alle vender seg frå han, det vert ekstra forsterka etter ulykka som skjer med Dani. Anette på ca. same alder og lillebror Dani opplever det motsatte. Anette og Dani's bestemor er den av få som ser Lucien, ho seier når alle skuldar på han, «hugs at Gud elsker Lucien like mye som Dani».

Lucien finn ein einsam gammal mann i ei hytte, og dei finn kvarandre. I ein samtale om den fullkomne kjærleiken seier han det var derfor Jesus kunne sei på korset: «Det er fullbrakt».

Då er det ikkje ei einaste synd som ikkje kan verta tilgjeve, ikkje ein syndar som ikkje kan verta frelst, for Han døydde for alle. Han elsker fullkomment!

Eg vil bare ta med eit bibelord til slutt; «For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve». Efeserne 2.8.

Så godt at det er slik!



# Binders

Binders er eit engelsk fleirtalsord som tyder «noko som held saman.» Binders, ei klype av metall eller plast til å feste saman fleire papir. Ei genial oppfinning, lenge trudde ein at det stod ein norsk oppfinnar bak, Johan Vaaler, og at det skjedde i 1899. Men bindershistoria går lenger tilbake, til Amerika i 1867, då amerikanaren Samuel B. Fay fekk patenten på det som seinare skulle kallast for binders. I vårt land har O. Mustad & Søn fabrikk på Gjøvik produsert øskjer med binders i store tal, til kontor og privatpersonar. Verdens største binders står utanfor Bedriftsøkonomisk Institutt (BI), først i Sandvika og så flytta til Nydalen i Oslo og har ei vekt på 600 kilo. Binders er ein kuriositet og har blitt eit nasjonalsymbol på linje med osthøvel og spark. Nå bruker me binders i mindre grad. Datamaskinen har overteke og sender saksdokument og opplysningar til dei rette mottakarane.

Eg har vore avhengig av binders i alle år som prest. Binders er hjulpet meg til å halde saman papira mine, ikkje minst preiker og andaktar. Binders er gitt meg trygghet og skapt orden. Eg måtte sikre meg i førebuinga at alle ark var med, og at dei låg nummererte i rett rekkefølge. Eg måtte ikkje ha for mange ark. For då kunne preika bli for lang. Skrekken min var at eg skulle miste kontrollen over papira mine, og alle dei skrivne sidene rase ut frå den høge preikestolen.

Inn i det nye året har eg prøvd å rydde i kartongane mine med gamle preiker og andaktar, alt frå 1975. Ikkje få av dei har eg kasta. Vemodig. Her ligg mange timar førebuing bak. Men binders er måtte av. Den kunne ikkje gå med i papirkorga. Det var ikkje få binders som vart att på bordet. Dei hadde gjort si gjerning.

Binders er bilete på det som bind saman, på samhold og fellesskap. Rart å lese om at binders i jakkeslaget var eit kjennemerke på dei som stod saman i kampen mot den tyske okkupasjonsmakta under andre verdskrig. Den var lett å feste. Den var synleg. Den hadde eit klart språk. Saman i kampen mot fienden.

Ein ting er å ha orden på papira. Ein annan ting er å ha orden på livet, kva nå det måtte bety. I ekteskapet, i familien, mellom venner. Å stå i relasjonar er gjevande, men det kan og vere krevjande. Me bruker inniblant mykje krefter på å finne ut av relasjonar. For forskjellane kan vere store. Korleis styrkje relasjonane våre? Kva er det som bind saman? For livet kan ha mange ark. Dei kan ha ulike fargar og script. Alle arka må ein halde saman. Livet må henge saman. Det handlar om å vere eit integrert menneske. Nokre gonger må me løyse litt på binders og sjå litt på eitt eller to ark. Noko må kanskje endrast. Men binders må på att. Kanskje dei mange arka avslører at mennesket ikkje er så integrert som det kan sjå ut som, noko me berre må akseptere. Kanskje uttrykket me bruker om at han var heil ved, er å ta litt for sterkt i?

I romanen til Trygve Gulbrandsen «Og bakom synger skogene» høyrer me om storbonden Dag på Bjørndalen. Han er rik, og rikdommen har berre auka. Han får ord på seg å vere gjerrig og streng med arbeidsfolket sitt. Men livet gir han erfaringar som gjer noko med han. Han får høyre av jomfru Dorthea: «Den største plikten er barmhjertighet, Dag.» Og sjøl seier han dette til svigerdottera si, Adelheid: «Det å se livet ovenfra – slik- at en ser at det er en kort reisestubb bare – mellom evigheten vi kommer fra og evigheten vi går til – det er det første synet en må ha for å evne å se sammenhengen.» Om dette skriv Gulbrandsen: «Gammel-Dags ord hadde vært som en vakker melodi for Adelheid, noe å hvile sinnet på.»

Påskehøgtida står for døra. Den danske salmediktaren Grundtvig skriv i påskesalmen «Hill deg frelser og forsoner», i vers 3: «Du som har deg selv meg givet, la i deg meg elske livet, så for deg kun hjertet banker, så kun du i mine tanker/ er den dype sammenheng.» Det er noko med Guds visdom i påskemysteriet som gir mennesket del i ein djupare samanheng. Denne samanhengen held mennesket fast. Alle våre livsark heng saman av ein visdom som er større enn vår.

Arne Lie  
Pensjonert prest

# Ny bok

## «Berekraftig tru»

Av Arne Lie

Per Åge Skretting

Arne Lie er kjend for mange her på Varhaug. Han er prestesonen som vaks opp og budde her fram til han begynte å studera teologi. Han gjekk på sundagskulen, spelte fotball på smågutelaget, gjekk i speidaren, var med på yngres, song i musikklaget og gjekk på ungdomslaget på laurdagskveldane.


Som far så son. Han har mesteparten av sitt yrkesaktive liv vore prest. I rundt ti år var han lærar på Bildøy bibelskule.

Nå har han debutert som forfattar med boka «Berekraftig tru», der han skildrar ulike erfaringer frå si prestegjerning i Hallingdal og enkelte glimt frå eigen barndom og oppvekst her på Varhaug. Det er viktig for Arne å visa at trua på Gud har bore gjennom alle slags opplevinger - vonde som gode.

Biletet på baksida av boka fortel meir om innhaldet. I siste kapittel fortel han om si eiga livskrise. Ha sluttar av boka slik: «Me kan stanse opp og leggje frå oss det som tyngjer. Det gir styrke og mot i livet til å halde fram. Eg fekk livet tilbake. Takk Gud, for livet! Takk for ei berekraftig tru gjennom alt.»

Vel verdt å lesa!

Boka er å få tak i på Jæren kristne bokhandel på Bryne. Eg har også eit lager så det går an å kontakta meg på tlf. 900 58 503. På baksida av bladet er bilete av baksida av boka.





# Der mesteren vandra

Per Åge Skretting

---

- **Han som tok båra si og gjekk! Joh. 5.**
- **Denne hendinga står i Johannes evangeliet for å visa oss**
- kven Jesus er, at han er Guds son.**
- **Betesdadammens lov var: Kvar har nok med seg sjølv.**

Betesdadammen ligg i Jerusalem. Dersom me går gjennom Kedrondalen og inn Løveporten/Stefanusporten/Fåreporten for å gå via Dolorosa, så vil me etter eit par hundre meter, treffa på ein inngang med ein fin hage der franske katolikkar har eit kloster. Her ligg St. Anna-kyrkja og utgravingane av Betesda dam. Kyrkja er ei romansk korsfarer/

middelalderkyrkje kjend for utruleg akustikk. Nokre meiner at tonane «heng» i 7 sekund innan dei forsvinn. I katolsk tradisjon heiter det at kyrkja er bygd over staden der jomfru Maria vart fødd. Mor hennar var Anna og kyrkja har fått namn etter henne. Krypten under kyrkja minner om Jesu mor, Maria sin fødestad.

Til venstre for kyrkja finn me utgravingane etter det som var Betesda dam på Jesu tid. Når me kjem bort til dammen, ser me fort at Jerusalem i dag ligg mange meter høgare enn på Jesu tid. Å sjå ned her er som å sjå inn i ein historetime. Utgravingar viser grushaugar laga etter fleire øydeleggjingar og dei gamle murrestane som har vore skult i snart 2000 år, kan hjelpe oss å vandra vegen tilbake til det som Johannes evangeliet skildrar. Dammen har vore ein del av eit større anlegg og vatnet her har nok vore brukt som reservoar for templet.





Historien om Betesdadammen finn me bare i Joh. 5. kapittel. Johannes skildrar fem bogegangar som truleg er bygd av Herodes den store. Dei låg rundt dammen på fire sider og den femte stod på skiljemuren som delte dammen i to basseng. Det var i desse hallane dei sjuke låg og håpa å få del i krafta som var i dammen når vatnet vart rørt opp. Minnet om dammen og Jesu under der har halde seg. Historieskrivaren Eusebius skriv rundt år 300 om dei fem bogegangane og dei to bassenga, og det same gjer Pilegrimen av Bordeaux om kring år 333 i den første kjende pilegrims historie. Men i deira skildringar skjer det ikkje lenger at nokon vart friske gjennom opprørt vatn som på Jesu tid. Etter kvart forfalt bogegangane meir og meir og dammen var fylt igjen. Rundt år 450 vart det første gong bygd ei kyrkje på staden. Etter persarane sine øydeleggjingar i 614, vart kyrkje liggjande i ruinar. Omkring år 1100 reiste korsfararane eit kapell ved Betesdadammen. Etter at korsfararane leid nederlag i 1187 vart kapellet lagt i grus og dammen forsvant under ruinane. Etter kvart gjekk den i gløymeboka.

Etter Krim-krigen fekk Napoleon III heile området som løn for Frankrike si hjelp av den tyrkiske sultanen. I 1873 kom det fram spor av det gamle dam-anlegget og den romersk-

katolske orden «De vise fedre» fekk området i 1878. Dei starta utgravingar og dei er ikkje ferdige den dag i dag. Det er i dag ingen tvil om at dette er staden der underet omtala i Joh 5 skjedde. Det var om å gjera å koma først nedi dammen når vatnet kom i rørsle. Dei som sat de, hadde ikkje sete der hvis det ikkje skjedde noko. Dei var ikkje dumme.

Me veit ikkje kva for religiøs fest som brakte Jesus til Jerusalem denne gongen. Om det var Påskefesten i april, Pinsefesten i mai/juni eller Løvhyttfesten i oktober. Men på minst ein av desse festdagane skulle kvar jøde med respekt for seg sjølv, ta reisa til Jerusalem. Det er derfor mykje folk i byen når dette skjer. Det står ikkje noko om at nokon av læresveinane er med når Jesus går inn gjennom Saueporten. Jesus dreie av til høgre og går bort til Betesdadammen. Det var nok ikkje der dei fleste gjekk når dei var på veg til høgtida. Men Jesus gjekk. Dei som låg der var blinde, lamme og vanføre. Dei var blant dei tilsidesette i samfunnet. Bibelen fortel ikkje om det opprørta vatnet der hadde ei form for terapeutisk virkning, men det står at ein engel frå tid til annan steig ned og rørte opp vatnet. Det var noko guddommeleg som skjedde då. Den som kom nedi dammen først, vart frisk. Her skjedde under.



Betesdadammen lov var: Kvar kvinne og mann har nok med seg sjøl. Det var om å gjera å koma meg uti dammen først. Ute av stand til å gjera noko sjølv, sat dei der og venta og venta. Vis oss eit teikn, så skal me tru, sa jødane til Jesus. Så kjem Jesus forbi, han som er Gud. Dei kjenner han ikkje, visste ikkje kven han var. Det gjorde ikkje denne lamme mannen heller. Ingen veit kvifor Jesus gjekk akkurat til denne mannen, det var jo mange andre som låg der. Kanskje var han den eldste som låg der, kanskje var han i den vanskeligaste situasjon av dei som låg der og hans menneskelege tilstand gjorde det umuligt for han å koma først uti. Han hadde jo ingen som kunne hjelpa han. Jesus vende seg til han og spør: Vil du verta frisk? På eit sånt opplagt spørsmål, svarer han: Eg har ingen til å hjelpa meg uti. Eg kjem alltid for seint.

Kva svare Jesus då? Det var synd. Eg visste ikkje at... Det verte sikkert ein ny anledning for deg? Hvis eg finn nokon som har tid, så skal eg senda han til deg, så han kan sitja ved sida di og hjelpa deg? Slik

hadde kanskje me svart. Nokre seier at hvis du bara har tru nok, så kan du verta legemleg frisk. Denne mannen hadde ikkje tru på Jesus i det heile, han visste ikkje eingong kven Jesus var. Han kjente han ikkje, hadde aldri høyrte om han. Han ropte ikkje Jesus ha medynk med han. Han bad ikkje Jesus hjelpa han. Han ber ikkje ei einaste bøn. Kan Jesus hjelpa slike? Hvis Jesus skulle venta til denne mannen hadde fått tru på han, hadde han aldri vorte frisk. Kva er ei frelsande tru anna enn å ta Jesus på ordet? Stå opp, ta senga di og gå! Skal eg ikkje gjera noko? Gud frelsar eit menneske av nåde, utan forteneste.

Alt vart forandra for denne mannen.



## Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.  
Scan QR koden og kom rett til  
bestillingssiden. Eller gå inn på :

[www.ledigtime.no/sentrumsalongen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalongen)



# SPAR



**SPAR VARHAUG**

Tlf. 51 43 01 36

E-post: [spar.varhaug@ngbutikk.net](mailto:spar.varhaug@ngbutikk.net)

Opningstider 06.30 - 21.00  
(08.00-20.00)

**SpareBank**  
SR-BANK **1**

## T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug


**Trond Skretting**

mob. 906 80 143

mob. 975 54 681 (Erik)

[trond@tskretting.no](mailto:trond@tskretting.no)

[www.tskretting.no](http://www.tskretting.no)



Brit Jane Varhaug  
Einervegen 3  
Tlf.: 51430757

## Varhaug Park & Hage

Tlf: 51 43 59 00 e-post [post@vph.no](mailto:post@vph.no) [www.vph.no](http://www.vph.no)



Murmester

**Waldeland & Dubland AS**

Alt i mur-, puss- og flisarbeid

Tlf: 992 50 989

Epost: [post@waldeland-dubland.no](mailto:post@waldeland-dubland.no)

**HUS • TILBYGG • REPARASJONER**

*Be om pristilbud på arbeid og materialer*



**Lobekk Bygg A/S**

**Svein Lobekk**

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87

# Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. Januar 2021

| Betaling til konto nr:<br>3335 11 24011<br>-----<br>eller ein kan nytte<br>VIPPS nr 538580 | Kristelegge arrangement                                      |       | Anna bruk                     |                                 |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|-------|-------------------------------|---------------------------------|
|                                                                                            | Eigarorgani<br>sasjonane<br>(NMS, IMF,<br>NLM,<br>Normisjon) | ANDRE | SELSKAP,<br>GRAVFERD,<br>o.l. | FAGMØTE<br>handelslaget<br>o.l. |
| Møtesal                                                                                    | 400                                                          | 600   | 1300                          | 2000                            |
| Anretnings kjøkken                                                                         | 400                                                          | 600   | 1000                          | 1200                            |
| MATSAL 1)                                                                                  | 300                                                          | 400   | 1200                          | 1600                            |
| Kjøkken 2)                                                                                 | 300                                                          | 500   | 1200                          | 1600                            |
| Ungdomssal                                                                                 | 400                                                          | 500   | 1200                          | 2000                            |
| Bønnerom (2.etasje) 3)                                                                     | 100                                                          | 200   | 200                           | 200                             |
| Foreningsrom 4)                                                                            | 100                                                          | 200   | 200                           | 200                             |
| Barnekjeller 5)                                                                            | 150                                                          | 200   | 200                           | 200                             |

- Merknad
- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
  - 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
  - 3): gratis for bønnemøter
  - 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
  - 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk.

Priser for spesielle arrangementer:

|                                                                                                                                                              |             |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal                                                                                                    | kr. 5000 *) |
| ” ” : bruk av anr.kjøkken og møtesal                                                                                                                         | kr. 3500 *) |
| <i>Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.</i>                                                                                |             |
| *): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag. |             |

|                                                  | Eigarorg. | Andre |
|--------------------------------------------------|-----------|-------|
| Møteveke uten fest på søndag                     | 1200      | 1300  |
| Møteveke med fest på søndag                      | 1600      | 2100  |
| Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag) | 9000      | ----- |
| Basar (med tillaging dagen før)                  | 1500      | 1500  |

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

| Leige av utstyr                       | Pris pr stk | andre tenester              | Pris pr time |
|---------------------------------------|-------------|-----------------------------|--------------|
| Dukar (lin)                           | kr. 150.    | servering ved bryllaup o.a. | kr. 200      |
| Dukar (teflon)                        | kr. 100.    |                             |              |
| Dukar (velour)                        | kr. 50.     |                             |              |
| Bord (matsalbord til private selskap) | kr. 40.     |                             |              |
| Stolar (gamle matsalstolar)           | kr. 10.     |                             |              |

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 27.mars 2020  
Styret for Varhaug Misjonshus.

# Faste arrangement

## Oversikt over faste som ikke er i den enkle møteoversikten

| Dag                 | Arrangement<br>kontakt<br>telefon                         | Tidspunkt   | Rom                       |
|---------------------|-----------------------------------------------------------|-------------|---------------------------|
| Mandag              | Åpen Barnehage<br>Jeanette Tegle Tveit<br>41532651        | 0900-1300   | Matsal                    |
| Mandag              | Pianoøving<br>Ragnhild Hoel<br>92443772                   | 1330-1815   | Matsal                    |
| Mandag              | Minikor<br>Marie Vatne Dyngeland<br>98817527              | 1700-1745   | Møtesal                   |
| Mandag (oddetall)   | Yngreskor<br>Anne M. Fauskanger<br>48266184               | 1815-1915   | Møtesal                   |
| Tirsdag             | Homlebølet<br>Kjellaug L. Røynås<br>92233840              | 0930-1200   | barnekjeller              |
| Tirsdag             | Bønnesamling<br>Terje Bøe<br>90519422                     | 2030-2130   | ungdomssal / bønnerom     |
| Tirsdag (oddetall)  | MTM - Misjen tre & mek<br>Sondre Aanestad<br>90415922     | 1830 - 2130 | sløyd og metall i kjeller |
| Tirsdag             | SUNDAG lovsangsgruppe<br>Anne Birgitte L. Bøe<br>47953147 | 1900-2130   | Møtesal eller ungd.sal    |
| Onsdag (annan kvar) | Speideren, 5.kl og opp<br>André Vagle<br>48145331         | 1900-2030   | Ute                       |
| Torsdag             | Åpen Barnehage<br>Jeanette Tegle Tveit<br>41532651        | 0900-1300   | Matsal                    |
| Torsdag (partall)   | Speideren, 2. - 4. kl<br>Åse Marie Varhaug<br>90702567    | 1645-1845   | ute, Odlandsskogen        |
| Torsdag             | UL-Lovsangsgruppe<br>Martha Nord-Varhaug<br>91689177      | 1800-2000   | møtesal eller ungd.sal    |
| Fredag              | Ope hus<br>Petter Grødem<br>47714919                      | 2000-2330   | ungdomssal                |
| Lørdag              | Ungdomslaget<br>Ola Askeland<br>47232012                  | 2000        | ungd.sal (eller møtesal)  |
|                     |                                                           |             |                           |

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2022-2023

| <u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>    | <u>Vekenummer og dato</u> |           |           |           |           |           |           |           |
|------------------------------------------|---------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| <b>Loyd Ånestad</b>                      | <b>2</b>                  | <b>10</b> | <b>18</b> | <b>26</b> | <b>34</b> | <b>42</b> | <b>50</b> | <b>6</b>  |
| <b>915 39 216</b>                        | 10/1                      | 7/3       | 2/5       | 27/6      | 22/8      | 17/10     | 12/12     | 6/2       |
| <i>(Asbjørn Fauskanger 94157641)</i>     |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Andreas Rasmussen</b>                 | <b>3</b>                  | <b>11</b> | <b>19</b> | <b>27</b> | <b>35</b> | <b>43</b> | <b>51</b> | <b>7</b>  |
| <b>957 68 809</b>                        | 17/1                      | 14/3      | 9/5       | 4/7       | 29/8      | 24/10     | 19/12     | 13/2      |
| <i>(Kristian Skrettingland 91375393)</i> |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Per-Arvid Jakobsen</b>                | <b>4</b>                  | <b>12</b> | <b>20</b> | <b>28</b> | <b>36</b> | <b>44</b> | <b>52</b> | <b>8</b>  |
| <b>926 17 652</b>                        | 24/1                      | 21/3      | 16/5      | 11/7      | 5/9       | 31/10     | 26/12     | 20/2      |
| <i>(Tor-Jarle Ueland 91671417)</i>       |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Torbjørn Honnemyr</b>                 | <b>5</b>                  | <b>13</b> | <b>21</b> | <b>29</b> | <b>37</b> | <b>45</b> | <b>1</b>  | <b>9</b>  |
| <b>479 56 501</b>                        | 31/1                      | 28/3      | 23/5      | 18/7      | 12/9      | 7/11      | 2/1       | 27/2      |
| <i>(Martin Dyngeland 97055506)</i>       |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Glenn Skretting</b>                   | <b>6</b>                  | <b>14</b> | <b>22</b> | <b>30</b> | <b>38</b> | <b>46</b> | <b>2</b>  | <b>10</b> |
| <b>993 02 566</b>                        | 7/2                       | 4/4       | 30/5      | 25/7      | 19/9      | 14/11     | 9/1       | 3/3       |
| <i>(Åge Skrettingland 90939439)</i>      |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Terje Skretting</b>                   | <b>7</b>                  | <b>15</b> | <b>23</b> | <b>31</b> | <b>39</b> | <b>47</b> | <b>3</b>  | <b>11</b> |
| <b>900 59 582</b>                        | 14/2                      | 11/4      | 6/6       | 1/8       | 26/9      | 21/11     | 16/1      | 10/3      |
| <i>(Leif Nord-Varhaug 91192055)</i>      |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Georg Høien</b>                       | <b>8</b>                  | <b>16</b> | <b>24</b> | <b>32</b> | <b>40</b> | <b>48</b> | <b>4</b>  | <b>12</b> |
| <b>414 74 560</b>                        | 21/2                      | 18/4      | 13/6      | 8/8       | 3/10      | 28/11     | 23/1      | 17/3      |
| <i>(Kjell Gunnar Arnesen 95486532)</i>   |                           |           |           |           |           |           |           |           |
| <b>Tarald Ånestad</b>                    | <b>9</b>                  | <b>17</b> | <b>25</b> | <b>33</b> | <b>41</b> | <b>49</b> | <b>5</b>  | <b>13</b> |
| <b>906 37 516</b>                        | 28/2                      | 25/4      | 20/6      | 15/8      | 10/10     | 5/12      | 30/1      | 24/3      |
| <i>(Ståle Ånestad 94885541)</i>          |                           |           |           |           |           |           |           |           |

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misjonshus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.